



Sund Sokneblad

Nr. 3

16. juni 2021

Årg. 90

Pilegrimsvandring til Sund kyrkje



Det vart ein tur på tre og ein halv time for desse pilegrimsvandrarane som følgde ein av dei gamle kyrkjestiane som folk brukte når dei gjekk frå vestsida over fjellet til Sund kyrkje, ei strekning på over 7 km.

side 4-5

Årsmelding

I Årsmeldinga for 2020 kan du lesa om kva som skjedde i kyrkjelyden i Sund sokn i fjor.

midtsidene

Konfirmasjonane

Vi har eit oversyn over konfirmanterastane som skal konfirmerast til hausten og korleis dei er fordelt på dei fem konfirmasjonsgudstenestene.

side 8

Frivilligfest

Onsdag 26. mai vart det skipa til fest for dei frivillige i kyrkjelyden. Maten vart servert ved bord plasserte utanfor kyrkja medan resten av programmet foregikk inne i kyrkja.

side 6-7

Spørsmål om gravplassane

Kyrkjevevja svarer på nokre av dei spørsmåla som ofte vert stilte til gravplassforvaltninga.

side 9

Mat på døra?

Øygarden kommune kartlegg om eldre heimebuande ønskjer å få levert varm mat heim og om dei ønskjer å delta i felles middagssamling. Dei skal ha ei undersøking om dette som du kan lesa meir om

side 10

Konfirmant 2022

side 14

Pastoralt perspektiv

DEN NYE NORMALEN?

Tida der mykje i livet og i kyrkjelivet har vore prega av korona, nærmar seg forhåpentlegvis slutten. Dersom alt går etter planen, vert samfunnet gradvis opna opp att utover sommaren og hausten. For kyrkja sin del betyr vel det at vi igjen kan feire gudstenester meir eller mindre som normalt, og at anna arbeid i kyrkjelyden kan takast opp att. Men kva blir den nye normalen?

Koronaen har gjort noko med oss! Vi er forsiktige, og mange vel å halda seg unna større forsamlingar. Slik har pandemien prega både vår kvardag og vår helg, og den har også gitt oss nye vaner. Ikkje uventa har dette gitt seg utslag i ein markert nedgang mht gudstesteframmøtet – også når vi no har fått lov til å vera 50 i Kausland kyrkje og 80 i Sund kyrkje. Vil dette snu? Det veit vel ingen p.t. Men uansett må vi jobbe for det! God informasjon om tilboda i kyrkjelyden vil bli endå viktigare enn før, både gjennom digitale hjelpemiddel, men også gjennom den gode, gamle «jungeltelegrafene». Og i kyrkjelydssamanhengen vil det også handla om å gjere *val!* Kva vil eg bruka søndag føremiddag til? Vil eg på nytt prioritere fellesskapet med Gud og mine medmennesker?

Utan å spå, vil eg allikevel tru at pandemien har medført *varige* endringar. Koronaen har tvinga oss ut på den digitale arenaen, først litt som «**bambi på isen**», men etter kvart blei det både **andakter, skulegudstenester og «vanlege» gudstenester på skjermen/telefonen...**

Litt skummelt i starten, men så vart det både kjekt og interessant! Mange har klikka seg inn, og mykje god respons er blitt gitt. Dette betyr vel at også den nye normalen bør innehalde digitale tilbod både for barn, unge og vaksne. Kanskje nettopp DU kan bidra med kompetanse?

Men sjølv om nye arenaer blir tatt i bruk, kan ikkje noko fullt ut erstatte det fysiske møtet og fellesskapet med andre menneske. Særleg nattverdfeyringa har vore sakna for mange gjennom koronatida. Mi bøn er difor at vi får gå inn i den nye normalen med mykje godt fysisk fellesskap – både med kvarandre og med Herren Jesus Kristus!

Kjell-Asle Børnes

- Når det i gudstestelista står 'Dåp' betyr det at det er *høve* til å ha dåp
- Utanom korona-restriksjonar er det som oftast kyrkjekaffi, men ikkje alltid dersom lokala er utleigde
- Endringar i lista kan skje. Sjå gudstestekunngjering i fredagsavisa av Vestnytt

Velkomen til gudsteneste

20. juni – 4. søndag i treeiningstida – Matt 16,24-27

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Michal Møgster. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

27. juni – 5. søndag i treeiningstida – Matt 7,21-29

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/prost Jan Tommy Fosse. Dåp og Nattverd. Takkoffer: ?

04. juli – Aposteldagen – Matt 16,13-20

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/prost Jan Tommy Fosse. Dåp og Nattverd. Takkoffer: ?

11. juli – 7. søndag i treeiningstida – Luk 19,1-10

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/sokneprest Bjarne Nese. Dåp og Nattverd. Takkoffer: ?

18. juli – INGA GUDSTENESTE

25. juli – 9. søndag i treeiningstida – Joh 8,2-11

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: ?

01. august – 10. søndag i treeiningstida – Matt 18,21-35

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: ?

08. august – INGA GUDSTENESTE

15. august – 12. søndag i treeiningstida – Luk 8,1-3

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Familiegudsteneste v/Dag R. Pettersen og Kjell-Asle Børnes. Dåp. Takkoffer: ?
Ranselbøn for nye 1.klassingar.

22. august – 13. søndag i treeiningstida – Luk 12,41-48

SUND kyrkje kl 11:00 *Visitagudsteneste* v/biskop Halvor Nordhaug m.fl. Nattverd. Takkoffer: ? *Song: Sund Blandakor.*

29. august – Vingardssøndag – Luk 17,7-10

SUND kyrkje kl 11:00 *Konfirmasjonsgudsteneste* v/Dag R. Pettersen og Kjell-Asle Børnes. Takkoffer: ?

SUND kyrkje kl 13:00 *Konfirmasjonsgudsteneste* v/Dag R. Pettersen og Kjell-Asle Børnes. Takkoffer: ?

04. sept. – Laurdag før 15. s. i treeiningstida – Luk 10,38-42

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 *Konfirmasjonsgudsteneste* v/Dag R. Pettersen og Kjell-Asle Børnes. Takkoffer: ?

KAUSLAND kyrkje kl 13:00 *Konfirmasjonsgudsteneste* v/Dag R. Pettersen og Kjell-Asle Børnes. Takkoffer: ?

05. september – 15. søndag i treeiningstida – Luk 10,38-42

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 *Konfirmasjonsgudsteneste* v/Dag R. Pettersen og Kjell-Asle Børnes. Takkoffer: ?

12. september – 16. søndag i treeiningstida – Matt 5,10-12

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: ?

19. september – 17. søndag i treeiningstida – Luk 7,11-17

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Michal Møgster. Dåp og Nattverd. Takkoffer: ?

26. september – 18. søndag i treeiningstida – Matt 8,5-13

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Dag R. Pettersen og Kjell-Asle Børnes. Dåp. Takkoffer: ? *Konfirmantpresentasjon.*

Det vert høve til eigne dåpsgudstenester

Alt med atterhald om endringar grunna korona-situasjonen!

Kyrkjeskys - Indre Sund

Kontaktperson: Arne Dævøy - tlf. 936 10 773



Frå venstre, fellestrådsmedlemer: Arvid Nese frå Fjell sokn, Hege Misje frå Øygarden kommune, Gisle Kårbø Rong frå Hjelmme og Blomvåg sokn, Jan Tveit frå Sund sokn, Dag-Olav Bjorøy – fellestrådsleiar og frå Landro sokn. Tilsette: Norvald Snekkevik – seksjonsleiar kyrkjer og gravplassar, Tostein Vassnes – kyrkjegardsarbeidar og Annlaug Børve – kyrkjevevje. Foto: Arne Opheim – fagarbeidar kyrkjebygg. Ikkje med på biletet: prost Jan Tommy Fosse og Per Helge Refvik frå Foldnes sokn.

Fellestrådet på synfaring

Etter fleire utsetjingar på grunn av koronasituasjonen, fekk medlemene i fellestrådet den første av to synfaringdagar i kyrkjene og på gravplassane i fellestrådsområdet den 11. mai.

I Øygarden er det 8 kyrkjer og 17 gravplassar. Tilstandsanalysar som vart utarbeidd i løpet av våren viser at det er stor forskjell på vedlikehaldsbehovet i dei ulike kyrkjene.

På Kausland kyrkje vert eit stort arbeid som omfattar tak, vindaug og maling sett i gang i løpet av forsommaren.

Ein tilstandsrapport frå Fjell kyrkje viser at taket også her må utbetrast i løpet av kort tid. Laus takstein er midlertidig sikra, og området langs kyrkja er inntil vidare delvis sperra av. Fjell kyrkje vart bygd i 1874, og har 150-årsjubileum om tre år.

Takkoffer

Lista over takkoffer var ikkje klar då bladet gjekk i trykken. Difor står det berre eit ? bak Takkoffer i gudstenestelista på førre side.

Opplev vår, vind og velsigning i sommar

Sommaren 2021 satsar kyrkjelydane langs kystpilegrimsleia på arrangement i friluft. Då blir det plass til mange.

I ei samla satsing frå pinse til september, som perler på ei snor, vil dei tilby møteplassar for folk langs leia i Bjørgvin bispedøme og Vestland fylke.

Mellom arrangementa er friluftsgudstenester, pilegrimsvandringar og «sjø-vegs-kyrkjereis». Arrangementa vil vere tilpassa trygt og godt smittevern. Dei lokale kyrkjelydane samarbeider med lokale lag og organisasjonar. Sjå gjerne heimesida www.kystkultur.no for å finne alle arrangementa under vignetten «Meir himmel på fjord». Det vil vere arrangement på dei fleste av nøkkelstadane langs kystpilegrimsleia i vårt fylke: Selja, Kinn, Svanøy, Gulatinget, Kvernsteinsparken i Hyllestad, Lygra, Seim, Bergen, Lysekloster, Halsnøy og Moster.



Ein flokk på 11 personar starta på pilegrimsvandringa frå Stranda skule mot Sund kyrkje, ei strekning på 7,3 km. Her er det ein liten stopp der turleiar Fredrik Mortensen orienterer litt om stiane.



På rekke og rad tok ein seg fram på stien, nokre gonger nokså slett bortover, andre gonger til dels steilt oppover eller nedover.

Pilegrimsvandring til Sund kyrkje

Klokka var halv ni om morgonen på Pinsedagen då ein flokk på 11 personar gjekk frå Stranda skule mot Sund kyrkje. Ei pilegrimsvandring vart det kalla og var del i fleire slik kystpilegrimsvandringar som vart skipa til fleire stader langs kysten.

Frå 10 år og oppover til over 70 var dei som drog av garde på den 7,3 km lange turen som skulle visa seg å ta omlag tre og ein halv time.

Først passerte vi gitaren som er bygd i terrenget ved Stranda skule til minne om Johannes Kleppevik, som òg har fått eit bilete på fjellveggen. Men vi måtte vidare, opp bratte kneikar og ned like bratte kneikar. Nokre stader gjekk stien nokolunde flatt bortover, men det tok ikkje lang tid før varmen gjorde seg gjeldande. Vêret var eigentleg lagleg, for det var overskyt det meste av vegen.

Eit av dei landemerka ein kjem til når ein går denne stien mot Sund kyrkje, er «Fadra-bore». Fadrabore er ein stor flat stein som er underbygd slik at han ligg der som eit bord, og her var det vanleg å kvila seg litt når ein i gammal tid var på veg til kyrkja (dette var særleg før Kausland kyrkje vart bygd).

Ved Fadrabore hadde Laila Klemetsaune møtt opp, og ho fortalde litt om dei ulike stiane som førte hit. Den mest vanlege gjekk frå Hamre, men det var òg andre stiar ein kunne ta.

Reidar Steinsland skreiv i si tid eit dikt om Fadra-bore, og dette diktet er rissa inn i ei koparplate som er festa til ein stein ved bordet. Bente Aase las dette diktet (sjå s. 13) medan vi andre sat der og kvilte føtene

våre, drakk litt vatn eller smakte på nista, dei som hadde det med seg.

Men turen måtte gå vidare. Vi var alt litt etter skjema som turleiar Fredrik Mortensen hadde sett opp. Også på denne strekninga var det lite snakk om slette strekningar. Nokre var det rett nok, men mange bratte bakkar måtte vi både gå opp og ned. Vi gjekk rundt Veten og kom oss over det høgste punktet og kunne etter kvart sjå ned mot Førde og fjorden i aust.

Vel framme i Førde vart vi møtt av nokre som ville gå saman med oss vidare til Sund kyrkje. Men medan vi stod der fortalde kyrkjevevjer Annlaug Børve, som hadde følgt med på turen frå Stranda, om desse pilegrimsvandringane som det skulle vera fleire av også i Øygarden kommune. Ho ville òg minna om å sjå og oppleve ting på vegen, sjå på blommar eller lytte til fuglekvitte.

Då det nærma seg kyrkja, kom vi til Skautakleiva. Her var det vanleg at kvinnene tok på seg eit skaut som dei skulle ha på seg når dei kom til kyrkja. Nokre av kvinnene i følgjet vårt gjorde det same og tok på seg eit skaut som dei hadde med seg.

Så kunne vi gå siste biten til Sund kyrkje. Vi nådde fram i tide. Heldigvis begynte gudstenesta kl. 12. Men kor tidleg måtte dei ikkje starte i gammal tid om gudstenesta byrja kl 11.00? Etter 1881, då Kausland kyrkje stod klar, vart det vel ikkje lenger like vanleg å gå den lange kyrkjevegen til Sund kyrkje.

Olai Otterå



Det var godt å få setja seg ned på «Fadrabore» og kvila føtene sine, drikk litt vatn og kanskje eta av nista si.



Over: Her er ein komen over høgste punktet og kan sjå ned mot fjorden i aust. Til høgre: I Førde var det ein liten stopp der nye turgåarar var møtte opp og slutta seg til følget.



I «Skautakleiva» var det fleire av damene som tok på seg skautet dei hadde med seg og dermed følgde tradisjonen frå gamal tid.



Hildegunn Børnes Myklebust ønskte velkommen til Frivilligfest.



Eit stykke Kvit Dame servert til kvar deltakar var det som koronasituasjonen gav rom for.



Plassert rundt bord i solskinet utanfor Sund kyrkje fekk alle påfyll av kaffi til kakestykket.

Frivilligfest i og utanfor Sund kyrkje



Anne Ludvigsen Kaldestad, pedagogisk leiar i Øygarden kyrkjelege fellesråd, var kveldens gjest.

«Frivillige er ikkje hjelp, men kraft.» Dette var noko Anne Ludvigsen Kaldestad hadde høyrte nokon seie ein gong og som ho no bar vidare til dei frivillige i Sund sokn, som var samla til fest i og utanfor Sund kyrkje. Dette var noko dei frivillige kunne seie til seg sjølve.

«Frivilligheit er fellesskap,» meinte ho og viste fleire bilete som viste døme på ulike fellesskap. Eitt døme var ei blomstereng full av blomar i ulike fargar som sping fram til ulike tider. Kva blomst ville du valt? spurde ho og viste til at du ville jo ha vore ein av blomane.

Eller kva med ein fargepallett, òg eit bilete på fellesskap. Mange variantar av same farge. Blått er ikkje berre blått, men ulike variantar. - Slik er det med oss òg, meinte ho.

Eit anna bilete ho trekte fram var puslespelbrikker. Dei passar godt saman, og dei blir til noko som er større enn kvar brikke.

Anne Ludvigsen Kaldestad hadde med seg Eivind Kausland Lie på laget, og innimellom song han songar med tilknytning til det som Kaldestad fortalte, som t.d. denne:



Eivind Kausland Lie song og spelte fleire songar i tilknytning til Anne Ludvigsen Kaldestad sitt føredrag.



Ole Christian Ottestad spelte fleire melodiar på saksofonen sin.

Du veit vel om

- at du er verdifull

- at du er viktig her og nu

- at du er elska for di eiga skuld

Ho trekte òg fram «Kropp» som døme på fellesskap. Kyrkja er lemmer på ein kropp. Kva lem er eg? Mange delar på ein kropp, alle er viktige. Og det er ikkje avhengig av korleis du ser ut, kva lynne du har eller kor rask du er. - Du er Du, og du duger! slo Anne Ludvigsen Kaldestad fast.

Sjølvs hadde Kaldestad kome med i eit kristent miljø då ho var 16 år, og brått var ho del av eit fellesskap. Ho blei hanka med på søndagsskulen og lærte korleis det føregjekk der, og så kom ho med i styret. Sidan gjekk det slag i slag. Men gangen i ei slik utvikling var klar: Ein må rekruttere, lære opp, så må ein følge opp og til slutt sende ut dei som er rekrutterte.

I kyrkjerommet var det òg vakker musikk av Ole Christian Ottestad på saksofon og Øystein Steinsland på orgel i tillegg til songar av Eivind Kausland Lie, som tidlegare nemnt.

Men Frivilligfesten hadde starta utan-dørs med samling rundt bord som var sette ut. Og i solskinet der vart det servert eit stykke Kvit Dame til kvar med kaffi attåt. Grunna koronasituasjonen måtte ein gjera det så enkelt og tryggt som mogleg.

Olai Otterå

Konfirmasjonane i Sund sokn

Sund kyrkje

søndag 29. august kl. 11.00

Bjarne Børnes Dävøy
Brage Skjoldal
Daniel Brekken Håkonsund
Emma Glistrup
Jill Vanessa Miller
Johannes Ågotnes
Jonas Erichsen Solheim
Julie Dortea Forland
Kasper Lerøy Kvalvåg
Kira Ravn Sangolt
Marius Leirvaag Hufthammer
Mathias Drange Revheim
Mathias Sangolt Ekren
Odd-Eirik Karlsen Nedrud
Sigurd-Andrè Natås Kvarven
Sondre Mathias Glesnes

Sund kyrkje

søndag 29. august kl. 13.00

Edvard Stigen Bjorøy
Elias Thomas Høyland
Era Cecilie Sangolt
Helene Rakli Børnes
Henriette Børnes Myklebust
Ingeborg Krondorfer
Johanne Kalstad
Lise Titland Solsvik
Mari Hatlelid Naustheller
Sindre Morlandstø Magnussen
Sverre Sæterbø
Viktoria Kausland Vabø

Kausland kyrkje

laurdag 4. september kl. 11.00

Amalie Spjeld Rabben
Caroline Iversen Skoge
Cleonissy Machado Kalunga
Dennis Hagen
Elisabeth Eiksund
Ingrid Anna Nilsen Telle
Julie Sørland Skage
Martin Asphaug Arnesen
Natalie Aspevik Heggøy
Nicolai Andre Ekholst
Vegard Haugsøen

Kausland kyrkje

laurdag 4. september kl. 13.00

Alexander Ekerhovd Fenne
Celine Fjell Mohn Kleppe
Emrik Frostad Stensrud
Erik Isak Olsen
Hedda Victoria Ekeland
Karen Hondy Busomoke
Kristoffer Lokøy Noremark
Malvin Trellevik
Maria Landro Glesnes
Oliver Sylte Glesnes
Vanessa Karlsen Skjellevik

Kausland kyrkje

søndag 5. september kl. 11.00

Alexandra Bendiksen Larsen
Benjamin Selstø
Henriette Møller Nøttveit
Isak Skårdal Litlere
Johanne Linnea Vetås Vorland
Lana Gjesholm Hestad
Lars Fjeldstad Glesnes
Leah Hagen Espedal
Liam Hetlevik Vabø
Marcus Wilhelmsen Selstø
Mia-Sofie Gjertsen Steinsland
Mikal Kallestad
Natalie Josefine Boge Ågotnes
Sondre Olsen-Jensen
Victoria Astrid Dyrkolbotn

Aktivitetar for dei unge

**Hei, du som går på kor, klubb
eller myldredag!**

Vi håpar å starta opp med Myldredag, Betweensklubb, Stjerne- og Betweenkor som normalt etter ferien. Datoane er dessverre ikkje fastsette enno, men følg med på kyrkja si internettside **Kyrkja.no/Sund** eller **Facebook**, så kjem det informasjon når hausten nærmar seg. Har du vore med i arbeidet før, sender vi ein SMS til deg.

Då seier vi på gjensyn og ynskjer dykk alle ein god sommar!

Helsing Irina, Maria og Hildegunn

Kausland kyrkje:

Dåp tilbake i ei vanleg gudsteneste



Grunna korona-pandemien har det i lengre tid vore restriksjonar i kyrkjene også slik at barnedåp har måtta foregå utanom dei vanlege gudstenestene. Men 9. mai var det igjen mogleg med barnedåp i ei vanleg gudsteneste i Kausland kyrkje. Det var Noel Vågen som denne søndagen vart boren til dåpen. (Foto: Olai Otterå)

Årsmelding 2020

Sund sokn



DEN NORSKE KYRKJA
Sund sokn

Sund sokneråd



**Svein Marius
Myklebust**

Soknerådsleiar

Herre, vår herre,
kor herleg ditt namn
er over heile jorda,
du som har breidd ut din glans
på himmelen!

Frå munnen på småborn og
spedborn
har du reist eit vern mot dei som
står imot deg,
for å gjera ende på fienden og
hemnaren.

Salme 8, 2

Karneval og Korona

Eit mylder av fargar og barnerøyser, latter og glede i kyrkjekjellaren i Sund Kyrkje.

Mydredag med karnevalskledde barn og vaksne i alle aldrar samla til måltid, leik og andakt.

Det var noko av det siste som hende – før Sund sokn og landet meir eller mindre stengde ned den 12. mars 2020

Sidan vart det merkbar stillare; mykje måtte avlysast, eller utsettast på uviss tid.

Men heldigvis er kyrkjelyden så mykje meir enn arrangement og det som hender innanfor kyrkjebygga sine vegger. I salme 8 fortel David om den ufattelege krafta i munnen på småborn og spedborn! Det er godt nytt i møte med ein pandemi! Og i møte med einsemd og isolasjon, og i møte med frykt og uro for mange ting.

Boost og biskop

Trass restriksjonar og omstilling har kyrkjelyden fortsett å samlast på ulike måtar. Vi har feira gudstenester, råd har hatt møter og Boost og barne- og betweenkora og betweenklubben har møtts når det var mogeleg. Staben har gjort sin jobb så godt det var råd. Vi hadde til og med biskopen på besøk, og fekk gjennomført det meste av programmet mot alle odds.

Takk!

Eg vil takke alle som har halde ut dette året. Alle som har tatt ansvar for felleskapet, og har halde fast på håpet. Takk til alle frivillige i kora, i barne- og ungdomsarbeid, i gudstenester, i sokneråd, diakoniutval, og alle som ber for og har omsorg for andre.

Mektige småborn

Det viktigaste vi har lært dette året, er kanskje at Guds rike er eit rike som er nær hos kvar og ein av oss og som er med oss kvar vi enn går. I skogen og på butikken er det også råd å møtast. Og det er ingen restriksjonar på å be, eller ringe nokon. Kanskje er det ei omstilling vi treng å ta med oss vidare: At om vi kjenner oss som småborn, og om vi er like hjelpelause som spedbarn, så er Gud likefullt i stand til å reise oss opp til eit vern for menneska rundt oss og for samfunnet vi er ein del av. Bønene våre, og det kristne livet kvar og ein av oss lever betyr meir enn vi kan ane.

Sund sokneråd består av desse personane:

Svein Marius Myklebust har vore leiar i Sund sokneråd i 2020, og Bente Aase har vore nestleiar.

Dei faste medlemene er Jan Tveit, Karen Helen Boga, Oddveig Margrethe Skoge, Tone Hatlelid og Linda Beate Nesse Dalseide. I tillegg er sokneprest Kjell- Asle Børnes fast medlem av soknerådet. Soknerådet har òg 5 varamedlemer. Dette er Fredrik Andreas Mortensen (1. vara), Arne Dåvøy (2. vara), Kenneth André Giskegjerde (3. vara), Paul Richard Kauffman (4. vara) og Berit Marie Nygård (5. vara). Sund sokneråd har hatt 10 møter i 2020, og handsama 69 saker.

Årsrekneskap for Sund sokneråd 2020

Sund sokneråd har lagt bak seg eit annleis år, også økonomisk. Både utgifter og inntekter ligg ein del under det som var budsjettet for året. Vi ser at gode gåveinntekter dette året, gjer at soknerådet kan setje av eit samla overskot på kr 129 937,-.

Sund sokneråd har hatt kr. 142 866,- i utgifter og kr. 285 326 i inntekter. Dette gjev eit positivt resultat før finansieringstransaksjonar og avsetjingar til fond på kr. 142 460,- Sund sokneråd set av kr. 80 797,- til ulike fond; Disposisjonsfond sokneråd, Fond barne- og familiarbeid, Fond ungdomsarbeid og Fond barnekor. Etter dette er det eit overskot på kr.129 937,- som soknerådet kan disponere. Vi vil rette ein stor TAKK til alle som har støtta Sund sokneråd på mange ulike måtar i 2020.

Soknepresten sin årsrapport



Kjell-Asle Børnes

Sokneprest

«ANNUS HORRIBILIS»

Dei fleste vil nok vere einig i at 2020 blei eit veldig spesielt år, også i Sund kyrkjelyd. Og mange vil nok slutte seg til beskrivelsen: «Annus horribilis».

Men trass i alt det underlege, tunge og vanskelege i gamleåret,

så skjedde det allikevel mykje godt og positivt i Sund sokn! Årsstatistikken (som naturleg nok blei veldig spesiell) for 2020 viser at: 42 gudstenester vart halde på søn- og heilagdagane, og 21 på andre dagar (inkl. samlingar på Sundheimen). 40 vart døypte, og 70 vart konfirmerte. 7 julevandringar gjekk av stabelen for barnehagebarn, og digital adventsgudsteneste vart tatt opp og sendt ut til alle skulane med god respons.

Og i november kom biskop Halvor Nordhaug på visitas! Det vart fine og inspirerande dagar med bl.a. skulegudstenester, vitjing på Sundheimen, kulturkveld, møte med kommunen og soknerådet, og ungdomskveld med Boost. Koronaen hindra oss i å besøkja ungdomsskulen, og den avsluttande visitasgudstenesta måtte også avlysast. Men biskopen har takka for ein god visitas med mange gode opplevingar, og sendt oss sin respons med konstruktive forslag til vegen vidare; med bl.a:

- Fleire ungdomsgudstenester
- Ny satsing på undervisningskveldar for vaksne
- Systematisk oppfølging av frivillege, gjerne gjennom ein frivilligkoordinator
- Utvida gjevarteneste i kyrkjelyden

Dette vil soknerådet og sokneteamet arbeida vidare med i 2021.

Så har også 45 blitt gravlagde i 2020. Det har sjølv sagt vore tunge stunder for mange, men også stunder med håp! For evangeliet om det Levande håpet har fått lyda også ved gravkanten!

Dermed vart ikkje 2020 eit håpløst år – sjølv om mangt og mykje vart anleis enn vi hadde planlagt. Koronaen førte til at færre fekk delta i våre samlingar, og det var rart og underleg å ha julaftangudstenester med max 50 tilstades! Men det var samstundes svært meningsfullt! Og det har det også vore når vi har tatt opp andakter/gudstenester og lagt dei ut digitalt (heimeside og facebook). Svært mange har klikka seg inn og fått dei med seg, og kanskje bør vi halda fram med dette – også etter at koronaen har blitt slått ned...

Så er det tid for å sjå tilbake på 2020. Men det er også tid for å sjå framover... 2021 blir nok ikkje kvitt 2020 sånn med ein gong, men vi går mot lysare tider på fleire måtar. Og sjølv om vi har lagt bak oss eit «annus horribilis», vil fruktene av arbeidet i Guds rike kome tilsyne også i 2021. Det har vi faktisk Guds løfter om!



Frå kommunemøtet under bispevisitasen. Foto: Vignleik Brekke, Øygarden kommune.



Kyrkjelydspedagogen sin årsrapport



Dag Reidmar Pettersen

Kyrkjelydspedagog

I Sund sokn har vi fått til mykje trusopplæring og fellesskapsstyrkande samlingar for born og unge i det spesielle korona-året 2020! Jamn og utrøyttelig innsats frå både frivillige og løna arbeidarar og kraft og visdom frå Den heilage ande har gjort dette mogleg.

Tiltak frå trusopplæringsplanen

Dette er breidde-tiltak der alle medlemar på kvart alderstrinn får personleg invitasjon i posten til å vera med på trusopplæringstiltak for deira alderstrinn.

Dåp

I 2020 har det vore 40 dåp i kyrkjelyden vår. I samband med desse har sokneprest/prostiprest hatt dåpssamtaler med foreldre/fadrar.

Utdeling av 4 års-bok

I mars fekk vi igjen høve til å dele ut 4 års-bøker til godt og vel 20 frammøtte born i Sund kyrkje. I «Bibelboka mi»

er det både bibelforteljingar, bønner og songar med fine illustrasjonar for dei minste.

Bibelutdeling til 10-åringane

I gudstenesta i Kausland kyrkje søndag 25. oktober fekk vi høve til å dele ut den flotte Teikneseriebibelen til ein fin gjeng 10-åringar. Teikneseriebibelen har eit spennande utval av hendingar og tekstar frå Bibelen, og gjer desse levande gjennom gode teikningar!

Kyrkjekino

Det siste vi fekk gjennomført av trusopplæring før koronapandemien braut ut, var Kyrkjekino og kveldsgudsteneste søndag 16. februar i Sund kyrkje for alle 13-åringane som ville vere med.

17 trettenåringar rigga seg til i kyrkjekjellaren med stort lerret og godt lydanlegg, og såg Narnia-filmen «Løven, heksa og klesskapet».

Etter filmen og ein herleg middag samlast vi om tematikken frå filmen – påskebodskapen – før vi avslutta med kveldsgudsteneste saman med heile kyrkjelyden.



Konfirmasjon

Konfirmant-året gjekk som planlagt fram til pandemien på våren og det var fint at vi fekk med oss konfirmantleiren innan alt stengde ned! Konfirmasjonane i 2020 vart utsette til hausten, i september, og vi var 70 konfirmantar i 2020.

Så sant smittevernet tillét det hadde konfirmantane regelmessige samlingar med undervisning, Bibel&Pizza-samlingar og deltaking på gudstenester. Pandemien sette diverre ein stoppar for innsamlingsaksjonen.

Identity – menn og kvinner i Bibelen

Identity er trusopplæringstiltaket for 16-åringane våre, men vi slår saman 16, 17, og 18-åringane og inviterer alle dei tre årstrinna til dette tiltaket. Året etter inviterer vi alle tre alderstrinna til trusopplæringstiltaket for 17-åringane og så for 18-års-tiltaket.

På Identity-samlingane vart vi kjende med menn og kvinner i Bibelen – fekk høyre når og korleis dei levde, kvar dei passa inn i den store heilskapen i Bibelen, med Jesus Kristus som sentrum, og kva dei kan ha å seia til oss på Sotra i 2020!

Identity-samlingane vart haldne rett før Boost-kvelden byrjar på tysdagar (sjå diakoni) slik at vi får ein fin kopling mellom desse.

Trusopplæringstiltak som gjekk ut pga. korona:

- «Påskevandring» for 5-åringane
- «Ranselbøn» for 6-åringane
- «Lys Vaken» for 11-åringane

Regelmessige samlingar for barn og unge

Dette er regelmessige samlingar som er opne for alle born og unge som vil vera med, med fokus på fellesskapsbygging, trusopplæring og leik og moro. Desse går kontinuerleg gjennom heile året, og det er eit mål å knyta trusopplæringstiltaka til dette kontinuerlege arbeidet. Desse er omtala i årsmeldinga for diakoni og for kyrkjemysikk.

Skule- og barnehagesamarbeidet

Dette er samlingar vi inviterte barnehagane og skulane i Sund til å koma og vera med på i kyrkjene våre.

Julevandring for barnehagane

I desember inviterte vi alle barnehagane i Sund til å koma på julevandring i kyrkjene våre. Vanlegvis gjev vi også tilbod om å koma på besøk dersom dette passar betre enn at dei kjem til oss, men smittevernet sette ein stoppar for dette i år. Koronasituasjonen gjorde også at barnehagane ville unngå busstransport i desember. Men vi fekk høve til fine samlingar med borna frå dei to barnehagane som ligg i gå-avstand frå kyrkjene, med juleevangeliet, skodespel og julesongar!

Skulegudstenester

I år fekk vi laga ei flott digital skulegudsteneeste som alle dei tre barneskulane og ungdomsskulen fekk vera med og delta i. Skulane filma egne elevar som tente lys og las juleevangeliet, og sendte dette inn til oss. Så vart dette fletta inn i filminga vår frå Kausland kyrkje.

Diakonimedarbeidaren sin årsrapport



**Hildegunn Børnes
Myklebust**

Diakonimedarbeidar

Myldredag: Eit fellesskap for alle generasjonar. Karnevalet 3. mars vart brått til ein avslutning av året. I tida etter har vi laga og distribuert nokre videoar til myldrefolket og Stjernekor med song og bibelforteljingar og delt ut adventskalender og julenummer av Barnas før jul. Fellesskapet er sakna av mange.

Betweeneklubb: Andakt, kveldsmat, leik, ulike hobbyaktivitetar er noko av det vi har hatt på programmet. Ungdomsarbeidaren vår, Maria, er leiar for klubben. (Frå 4.klasse)

Søndagsskule: Parallelt med nokre gudstenester har vi hatt søndagsskule. Vi brukar opplegget Sprell Levande.

Lovsongskveldar med kveldsmat: Fellesskap med song og musikkglede og andakt for både born og vaksne, med tid til samtale rundt ei brødslike etterpå. Stjerne- og Betweeneskoret song for oss ein kveld

Frivilligfest 2020: Alt låg til rette for ein fin fest; med mat, tale, underhaldning og musikk. Men kvelden før vart vi nøydd å avlyse. Det var synd å ikkje få feire kvar enkelt av dei frivillige og deira innsats og fått gitt dei ein skikkelg takk!

Smågrupper/ inspirasjonssamlingar: Her kan ein byggje fellesskap, dele tankar, be, lese Bibelen saman. Vi har hatt nokre inspirasjonssamlingar for gruppene der også dei frivillige i barne og ungdomsarbeidet vart invitert.

Sorg-arbeid: Diakonane deltok på allehelgensdag med lystenning. Ved utgangen delte vi ut minnelys til pårørande.

Det vart og invitert til sorggrupper i Øygarden kommune, men det vart for få til å starta opp.

Diakoniutval/Diakoniplan: Diakoniutvalet har i samarbeid med Soknerådet arbeida med diakoniplanen dette året. Fredrik Mortensen vart med i utvalet og vart valt til leiar.

Strikke kafé: 5-6 tysdagar, vår og haust, parallelt med barnekorøving, hadde vi strikke-kafé, open for alle. Utdeling av kjeks til kora og kaffi til foreldra.

Formiddagstreff: Har vore arrangert i Kausland kyrkjelydshus eller i kyrkjekjellaren i Sund kyrkje ein gong i månaden; samtale rundt lunsjbordet, inspirasjon frå ulike aktørar, tid til refleksjon og spørsmål.

Onsdagstreffa: på aktivitetssenteret i Skogsvåg som er eit samarbeid med Skogsvåg kvinne- og familielag har vore i gang; fellesskap, andakt, lunsj og song .

Bønestøtte: Vi har hatt bønestøtte frå Sartoragrappa for barne- og ungdomsarbeidet.

Bønering i koronatida: Det har pågått ein bønering via e-post for Sund sokn dette året med spesielt fokus på problematikken rundt Covid- 19.

Open kyrkje før jul: Vi arrangerte open kyrkje i Sund og Kausland før jul, der ein kunne koma og tenna lys, eller berre vera i stilla og bøn.

Kyrkjekaffi: ein møteplass for fellesskap. Der mange frivillige er engasjert for å leggja tilrette med godt bakverk og koseleg atmosfære.



Heimebesøk, samtalar og telefonsamtalar: Telefonen vart eit viktig reiskap i året som gjekk.

Jentegruppe: Kyrkjelyden har ei jentegruppe som består av ein del jenter i ungdomsskulealder. Dei har hatt samlingar i Sund kyrkje gjennom heile 2020! Her er det god stemning med matlaging, andakt og mykje gøy samt gode samtalar om tru og det å vera ungdom :)

Boost: er namnet på ungdomsmiljøet i Sund kyrkjelyd – ein livleg og pulserande gjeng med masser av energi, god stemning og positive initiativ! Kvar tysdag er det Boost-kveld anten i Kausland- eller Sund kyrkje, og vi heldt



aktiviteten ope så godt som gjennom heile 2020, trass i at pandemien til tider kravde ekstra smittevern-organisering rundt samlingane. På ein typisk Boost-kveld lagar vi mat saman, bruker mykje tid på å ete og prate, andakt/undervisning, leikar/underhaldning, før vi avsluttar med bøn/lys-kveiking i kyrkjerommet.

Boost er flinke til å dra på turar! I 2020 rakk vi akkurat å dra på Impuls-festivalen i Stavanger før pandemien kom. Etter dette har vi hatt fleire turar til Fløien, Sjøsport-senteret på Glesnes, tur til Vetten, pølsefest på det gamle skulehuset på Bjelkarøy og «kvalitetssjekk» av den nye, batteridrivne ferga!



Kantor sin årsrapport



Irina Tarasova
Kantor

Konserter i kirkene:

Det har vore nokon musikk-arrangement dette året:

- 21.03. Sund kyrkje: «Pilgrimsmesse» av Egil Hovland (avlyst på grunn av koronarestriksjoner) (samarbeidsprosjekt mellom korene Sotra Reviderte, Askøy Prosjektkor og organistene Olav Sørheim, Hermund Rebnord og Irina Tarasova)
- 04.11. Kausland kyrkje: «Kulturkveld» (i forbindelse med bispevisitas) med Kjell-Asle Børnes (tale), Vivian Steinsland (sang), Roy Vorland (sang) og Irina Tarasova (piano)
- 07.12. Sund kyrkje: «Julekonsert» med Sund Blandakor (Avlyst på grunn av koronarestriksjoner)
- 17.12. Sund kyrkje: «Julekonsert» med Roy Vorland (sang), Anita Heggholmen (sang), Veslemøy Fluge Berg (sang) og Kristian Wedberg (piano)
- 09.12 Sund kyrkje: «Julekonsert» med Sund blandakor

- 20.12 Kausland kyrkje: «Vi syng jula inn» (Stjernekor og Betweeneskor).

Korarbeidet

I Stjernekor er det 10-15 barn frå 4 år til og med 4. klasse. Åsgeir Litlere er dirigent og leiar. Kor et samarbeider tett med Betweeneskor et der det er rundt 10 barn frå 5. klasse og oppover. På grunn av koronapandemien var mange øvelser og opptredener for begge kora avlyst i dette året. Men vi klarte oss å syngje på «Vi syng jula inn»!

Gudstjenester

Gudstjenester med musikkinnslag: Sund Brass, Vivian Steinsland med Band (sang), Eivind Kausland Lie (sang), Ole Christian Ottestad (saksofon).

Vi har hatt digitale innspillingar av Skjærtorsdag-gudstjeneste, Pinse-gudstjeneste, Skole-Julegudstjeneste med følgjende musikere: Eivind Kausland Lie (sang), Tove Solvang (sang), Irina Tarasova (piano/orgel).

Sund sokneteamb

Dei tilsette som har arbeidsoppgåver knytt til Sund sokn er organisert i eit team med følgjande mandat:

- Sokneteambet er lokalt forankra, og arbeider for å byggje den lokale kyrkjelyden. Sokneteambet skal:
 - » Prioritere arbeidet i tråd med både soknerådet og fellesrådet sine planar og vedtak
 - » Samarbeide med sokneråda og frivillige
 - » Sikre god kommunikasjonsflyt mellom tilsette og sokneråd/frivillige
- Sokneteambet skal halde visjon og verdiar levande i soknet
 - » Sokneteambet skal evaluere og reflektere over praksis i lys av visjon og verdiar
- Sokneteambet skal arbeide fagleg inn mot kvart sokn.
 - » Sokneteambet skal vere tverrfagleg samansett. Det faglege inn mot kvart sokn skal tydeleggjerast
- Sokneteambet skal ved behov samarbeide på tvers av soknegrensene
 - » Ingen tilsette er fastbundne til berre ein kyrkjelyd. Den enkelte medarbeidar kan gjere teneste i heile fellesrådsområdet.

Medarbeidarane i Sund sokneteamb er:

Medarbeidar	Stilling
Kjell-Asle Børnes	Sokneprest
Astrid Fylling	Sokneteambet og leiar av seksjon for diakoni
Line Steinsland Mosnes	Administrasjonskonsulent
Dag Reidmar Pettersen	Kyrkjelydspedagog
Hildegunn Børnes Myklebust	Diakonimedarbeidar
Irina Tarasova	Kantor
Rolf Oksnes	Kyrkjegardsarbeidar/ Kyrkjetenar
Arne Opheim	Kyrkjegardsarbeidar/ Kyrkjetenar
Maria Andersen Stokke	Ungdomsteambet

Desse medarbeidarane har eit særskilt ansvar knytt til Sund sokn, men fleire av dei arbeider på tvers av soknegrensene.

Andre fellesrådstilsette som er ressursar inn mot Sund er tilsette i seksjon for administrasjon og økonomi, seksjonsleiarane, rådgjevar, informasjonskonsulent og kyrkjevevje.



Ofte stilte spørsmål til gravplassforvaltinga

Øygarden kyrkjelege fellestråd er gravplassmynde i kommunen, og forvaltar gravplassverksemda i samsvare med lov og forskrift. Under følgjer svar på nokre spørsmål som ofte vert stilt gravplassforvaltinga.

Må innbyggjarar i kommunen betale for grav?

Dersom den som skal gravleggast hadde bustadadresse i Øygarden, utløyser dette rett til fri grav i ein periode på 20 år, under føresetnad av at ein nyttar tilvist grav. Det vil seie at det er eit vilkår at ein tek imot den grava som følgjer av gjeldande gravleggingsplan for den enkelte gravplassen.

Dersom ein ønskjer å halde av ei grav ved sida av frigrava, vert dette ei festegrav som ein må betale avgift av frå første dag. Ei slik grav vert verande ei festegrav også når grava vert teken i bruk, sjølv om den som vert gravlagt hadde bustadadresse i Øygarden.

Kva om ein ønskjer å bruke opp att ei gammal grav?

Dersom ein ønskjer å bruke opp att ei gammal grav, er det ikkje lenger ei grav som er tilvist frå gravferdsmynda som vert teken i bruk. Grava er då ei festegrav, som det skal betalast festeavgift for.

Kor ofte betaler ein festeavgift?

Fakturering skjer i 5-årsbolkar og går automatisk. Festar treng difor ikkje kontakte kyrkjeleg fellestråd når det gjeld fornying av feste. Ubetalt faktura vert purra. Dersom festeavgifta ikkje vert betalt vil grava til slutt verte sletta, med førehandsvarsling.

Kvifor ligg det mange velta gravsteinar på gravplassane?

Gravsteinar kjem ofte ut av stilling eller veltar som følgje av telehiv, dårleg fundament eller dårleg montering. Steinleverandørane gjev ofte garanti på steinen, men når denne går ut er det den ansvarlege for

grava (altså dei pårørande) sitt ansvar å sjå til at steinen vert ståande.

Dersom ein er ansvarleg for ei grav der steinen har komen ut av stilling eller velta, må ein snarast råd sørgje for å få steinen på plass igjen. Dette kan ein til dømes gjere ved å ta kontakt med steinleverandør, som kan gjere jobben mot betaling.

Steinar som er til fare for besøkande på gravplassen kan verte lagt ned av dei tilsette på gravplassen.

Kvar finn eg informasjon om gravplassforvaltinga i Øygarden?

Meir detaljert informasjon og gravplassvedtektene finn ein på vår nettside:

www.kyrkja.no/oygarden/gravferd

Annlaug Børve
kyrkjeverje





Berit Anita Knudtsen Larsen i eldrerådet ønskjer at mange svarar på spørsmåla knytt til levering av varm mat heim.

Ønskjer du varm mat på døra?

Øygarden kommune kartlegg om eldre heimebuande ønskjer å få levert varm mat heim og om dei ønskjer å delta i felles middagssamling. - Ei undersøking kan gje oss svar på kor stort behovet er, seier Berit Anita Knudtsen Larsen i eldrerådet.

Larsen er også leiar i arbeidsgruppa Mat til eldre som bur heime. Øygarden kommune er med i kvalitetsreforma Leve heile livet der målet er at alle eldre skal få betre hjelp og støtte til å meistra livet og få ein trygg, aktivt og verdig alderdom. Dette kan hjelpa til at dei som ønskjer det, kan bu lengre i eigen bustad.

I dette arbeidet er det viktig at mat og måltid får like høg prioritet og status som anna hjelp i heimen. Det vert gjerne sagt at mat er medisin, mat er omsorg og mat er livskvalitet.

Målet er å skapa gode måltidsopplevingar og redusera underernæring. Eldre skal få næringsrik mat som både ser godt ut, luktar godt og smakar godt. Det er viktig at folk får høve til å velja kva dei vil eta, kva tid dei vil ha måltidet og om dei vil ha måltidsfellesskap med andre.

Berit Anita Knudtsen Larsen er den i eldrerådet som særleg følgjer opp arbeidet med kvalitetsreforma Leve heile livet.

- Eldrerådet har i lang tid drøfta om det kan la seg gjera å få til ei ordning med levering av varm mat til eldre heimebuande. Dersom vi skal leggja til rette for eit slikt tilbod, må vi ha dokumentert behovet, seier Knudtsen Larsen som reknar med at prisen pr. måltid vil liggja på mellom 120 til 180 kroner.

Auka livskvalitet

I spørjeundersøkinga vert det også stilt spørsmål om kva tidspunkt dei eldre kan tenkja seg levert varm middag og kva dagar i veka ein ønskjer å få levert maten. Dersom det viser seg å vera eit behov, vert det arbeidd fram løysingar saman med ulike aktørar i næringslivet, vidaregåande skular og frivillig sektor om tilbod på distribusjon av varm middag. Det vert lagt opp til fellesmåltid ein dag i veka.

- Har du sjølv tenkt å nytta deg av eit slikt tilbod?

- Eg likar framleis å laga maten sjølv. Men den dagen kan koma då eg vil oppleva at eit slikt tilbod vil auka livskvaliteten. Eg

trur at det er fleire som kan tenkja seg å få levert varm mat på døra og dermed bruka tida på andre ting enn å laga mat. Mellom anna trur eg at ein del menn som bur åleine, kan tenkja seg dette, seier Berit Anita Knudtsen Larsen som er optimistisk og trur at mellom 50 og 100 personar i Øygarden ønskjer dette tilbodet.

Målet med kvalitetsreforma Leve heile livet er mellom anna å sikra at eldre som bur heime skal ha lett tilgang på ernæringsrike måltid og at dette kan bidra til auka trivsel i kvardagen.

Det tek kort tid å svara på spørsmåla i kartlegginga. Spørjeundersøkinga ligg på heimesida til Øygarden kommune under «Helse, omsorg og velferd», www.oygarden.kommune.no/mat

Spørjeskjemaet er tilgjengeleg i trykt utgåve på innbyggjartorga på Rong, i Skogsskiftet og på Straume. **Svarfrist er 25. juni.**

Spørsmål om kvalitetsreforma og spørjeundersøkinga kan rettast til Berit Anita Knudtsen Larsen på telefon 951 67 692.

Vigleik Brekke
Øygarden kommune

Vil sikre kyrkjene mot brann og forfall

Dei drygt 1.600 kyrkjene som Den norske kyrkja eig, skal snart kartleggast for å sjå kva tiltak som trengst for å sikre dei mot brann og andre farer. Det skjer som ein slags dugnad.

– Dette er eit av Kyrkje-Noreg sine største og viktigaste gruppearbeid, uttaler kyrkjebyggdirektør Randi Moskvil Letmolie i KA Arbeidsgiverorganisasjon for kirkelige virksomheter.

KA har om lag 450 medlemmer, dei fleste verksemdar som er knytta til Den norske kyrkja, sjølv om også andre verksemdar med forankring i eit kyrkjesamfunn eller anna kristent arbeid kan bli medlemmer. Kartlegginga av kyrkjebygningar som finn stad i år, gjeld likevel berre Den norske kyrkja som har hand om 1.635 gudshus.

– God dokumentasjon er avgjerande i arbeidet med å ta vare på desse viktige bygningane. Når rapporten er klar, vil han vere ein svært viktig del av grunnlaget for prioriteringane på kyrkjebyggfeltet framover, seier Moskvil Letmolie.

– Takknemlege

Det er femte gongen KA gjennomfører ei slik kartlegging. Den fyrste fann ifylgje organisasjonen stad i 2005 og 2006. Sidan har det vore ei ny kartlegging kvart fjerde år.

Undersøkinga har funne stad i nær samarbeid med kyrkjeieigarane, som oftast er det einskilte kyrkjesoknet, og kyrkjeforvaltarane i Den norske kyrkja.

– Dette er eit stort arbeid, som vi gjer i samarbeid med alle som eig og forvaltar kyrkjer i Den norske kyrkja. Saman legg vi grunnlaget for gode avgjerder i åra som kjem, seier Moskvil Letmolie rett før den femte kartleggingsrunden.



UNDERSØKING: I år skal norske kyrkjebygningar kartleggast på nytt. Årdal kyrkje i Grendi i Setesdal er mellom dei over 1.600 gudshusa som er omfatta av kartlegginga. Foto: Stein Gudvangen, KPK.

– Vi er særst takknemlege for den innsatsen som vert lagt ned lokalt i rapporteringa, seier ho.

Tolv sjekkpunkt

Det er tolv sjekkpunkt som går att i undersøkingane frå gong til gong. Dette gjer at kvar kartlegging kan samanliknast med dei tidlegare kartleggingane. Mellom anna vert tilstanden på yttertak og tårn sjekka. Det same gjeld ytterveggar, grunn og fundamentering, brann- og tjuverisikring og dessutan tilgjenget.

Undersøkinga i år omfattar også kyrkjekunst og inventar, eit område Riksantikvaren gjennom Barne- og familiedepartementet si kyrkjebyggsatsing har

ynskt å kartleggje.

I rapporten i 2017 vart det dessutan retta særleg merksemd mot kva verknad klimaendringane har hatt på kyrkjebygningane. Derfor fekk rapporten namnet «Kirker i hardere vær».

Moskvil Letmolie er spent på om det vert mogeleg å sjå resultat av regjeringens si satsing på vedlikehald og sikring av verdfulle kyrkjer dei siste par åra, og i kva grad dei statlege tilskota har bidratt til lokal satsing.

Branntryggleik

Ho vonar vidare på ei positiv utvikling i brannsikringsarbeidet. I den såkalla nøkkeltallsrapporten frå undersøkinga i 2017, heiter det at «Undersøkelsen viser at mange kirker med store kulturminneverdier ikke er tilstrekkelig sikret mot brann og innbrudd.»

32 prosent av kyrkjene mangla då tilstrekkeleg brannvarslings, og nesten halvparten var ikkje sikra mot innbrot og tjuveri på ein god måte. Dessutan hadde berre 12 prosent av kyrkjene brannsløkkingsanlegg.

– Merksemda rundt kyrkjebrannar dei siste åra, særleg utløyst av brannen i Notre-Dame, har vonleg gitt konkrete resultat. Tilskotsordningane for brannsikring i regi av KA Kirkeforsikring og Riksantikvaren har hatt auka pågang. Det lover godt, og vi er spente på resultatane, seier Moskvil Letmolie. (KPK)

Stein Gudvangen

Føremiddagstreffa

Alle føremiddagstreffa i vårhalvåret har vorte avlyste grunna korona-situasjonen. Om det blir restriksjonar utover hausten, er førebels uvisst. Det er særleg matserveringa som skapar problem. For det vanlege på føremiddagstreffa er at dei startar med ein lunsj i fellesskap før ein gjest snakkar om eit tema. Så med atterhald om moglege korona-restriksjonar vert det føremiddagstreff på følgjande datoar:

25. august - Kyrkjekjellaren kl. 11.30

Gjest: Tarald Ueland om salmediktaren Svein Ellingsen

29. september - Kausland kyrkjelydshus kl. 11.30

Gjest førebels ikkje avklart

27. oktober - Kyrkjekjellaren kl. 11.30

Gjest førebels ikkje avklart

24. november - Kausland kyrkjelydshus kl. 11.30

Gjest førebels ikkje avklart

Minst mulig avstand!

Det siste året har vi praktisert størst mulig avstand, og minst mulig nærkontakt! Dei aller fleste har tatt oppfordringa og pålegget frå styresmaktene på alvor, og godt er det!

Men desto betre er det då at Jesus kjem med ei anna oppfordring til oss: Minst mulig avstand mellom han og oss, og mest mulig nærkontakt! Det er det pinse handlar om, når Jesus seier: «Eg vil ikkje la dykk vera att som foreldreause born. Eg kjem til dykk». Frå og med pinse er ikkje Jesu nærvær lenger begrensa til støvete landevegar i Galilea eller

tempelplassen i Jerusalem. Nei, den heilage Ande gjer det slik at Jesus er nær oss og hos oss der vi er, alltid! Han ynskjer minst mulig avstand og størst mulig nærkontakt! For: Skilde frå han kan vi ingen ting gjera (Joh 15,5). «Som greina ikkje kan bera frukt av seg sjølv, men berre når ho er på vintreet, slik kan heller ikkje de bera frukt viss de ikkje er i meg» - seier han.

Så blir det vel framleis ei stund med 1-2 meters avstand både i samfunnsliv og kyrkjeliv.

Men i forhold til Jesus er det tvert imot! Han innbyr til nærkontakt og fellesskap, der Guds grenselause og betingelseslause nåde og kjærleik blir formidla gjennom bokstavar og ord, rennande vatn, kornprodukt og vintreets frukt. Slik gjer Jesus

seg grenselaut tilgjengeleg for oss alle. Og slik

startar han kjærleikens kjedereaksjon, når han seier: «Eit nytt bod gjev eg dykk: De skal elska kvarandre. Som eg har elska dykk, skal de elska kvarandre. På det skal alle skjøna at de er mine læresveinar: at de har kjærleik

til kvarandre.» (Joh 13,34-35)

Og nettopp konkret neste-kjærleik vil vi alle trenge i kjølvatnet av ein pandemi!

Godhet, vennlighet, varme smil og etter kvart også gode, varme klemmar er viktige, ja, avgjerande «byggeklossar» i gjenoppbyggingsprosessen som ligg framfor oss...

Og alt byrjar med minst mulig avstand til Jesus!

Kjell-Asle Børnes

Andakten

Du kan ringja **Kirkens SOS** heile døgeret, tlf. 22 40 00 40
Kirkens SOS teksttelefon for døve, tlf. 55 32 56 97

**SOLSTRANDS
BEGRAVELSESBYRÅ**

Vårt avdelingskontor på Sotra
Sartorggården, 2. etg, 5353 Straume
Telefon 55 55 16 16 - hele døgnet
www.solstrands.no
Vår erfaring - din trygghet

VIRKE
GRAVFERD

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 4, 5353 Straume
(samme hus som Ligningskontoret)

GRAVMINNER

**Løvaas
Naturstein**



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen
Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.
www.lovaasnaturstein.no

Bergen Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden Espen Polden Heine Polden Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Om du har lyst til å få ordnet på neglene på både hender og føtter, få fikset på vippene og håret, kan dere besøke den nylig åpnete salongen!



Redas Neglestudio

Reda Zideliuniene

Tlf: 46392022

Negledesigner
Lensmannsvegen 17B,
5378 Klokkekarvik



Epost: redapukelis@gmail.com
Facebook: Redas neglestudio

Fadra-bore

*Vaar Herre hogg det ut or graasteinskollen
og la det pent til rette ned på vollen.
Han tok det ut fraa harde faste fjelle
før vi var til - og kunne høre smelle.*

*Saa laga Strandagutar stevnemøte
og skora under det - og laga føte
Det vart eit bord med plass for nistetine.
Her tok dei rast og kvilde føtne sine.*

*Det laag ved kyrkjestien over fjelle
og eldre folk fraa grenda kan fortelje
at folk paa kyrkjeveg ein matrast gjore
og saaleis fekk det namnet - fadra-bore.*

*Ja, mang ein nisteklining her vart eten
kring steinbordet ved stien over Vetten.
Og vil du gaa som fedrar før deg gjore,
saa ta ein nistetur til fadrabore.*

Reidar Steinsland



DITT LOKALE SENTER

- Det du treng - der du bur!



SUND SOLSTUDIO



Tlf. 56 33 74 44



Tlf. 56 33 92 78



Tlf. 56 33 74 93



Tlf. 53 50 28 50 / 485 16 080



BRANSJE: INTERIØR OG TEKSTIL - BLOMSTER - DAGLEGVARER
JERN- OG FARGEHANDEL - FRISØR
KAFETERIA - MINIBANK - POST I BUTIKK - SOLSTUDIO

Vil du vere med som frivillig?

Har du lyst å vere med som frivillig i Sund kyrkjelyd?

Har du eit ønske om å ta del i teamarbeidet rundt ei gudsteneste?

Når vi feirar gudsteneste i kyrkjelyden, er det ulike frivillige oppgaver du kan få vere med på:

klokkeoppgåver,
kyrkjevertoppgåver eller
kaffivertoppgåver.

Vi vil gjerne ha deg med!

Ta kontakt med diakonen vår, Hildegunn, så fortel ho deg meir om kva dei ulike oppgåvene går ut på.

Ho kan nåast på mobil
455 16 360 eller på e-post:
hm849@kyrkja.no



Konfirmant 2022?

Vil du vera konfirmant i Sund? Påmelding på heimesida vår:

www.kyrkja.no/sund

Hjarteleg velkomen!!



Via **INTERFLORA**
formidlar vi blomstrar
i innland og utland.

Vi er fagutdanna og utfører alt
i binderi til fødsel, dåp,
konfirmasjon, bryllaup,
gebursdagar og gravferder -
og elles det du måtte ønska.

Plantar òg på gravstader
i Fjell og Sund.

Opningstider:

Måndag-onsdag: 9.00-18.00

Torsdag-fredag: 9.00-20.00

Laurdag: 9.00-16.00

Tlf.: 56 33 90 13

Faks: 56 33 93 01

TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no



SOS
22 40 00 40



SOS
CHAT



SOS
MELDING

KIRKENS
SOS

GRAVMONUMENTER

Egil Fosse
Kvile 17A
5379 Steinsland
Tlf.: 56332166 Mob.: 90669191

NAVNETILFØYELSER - OPPUSSING - REPR. FOR



KJØL STENINDUSTRI AS

6490 EIDE

Døypte

18.04 Kausland kyrkje

Hedda Fjellstad Midttveit
Aslak Hitsøy

02.05 Sund kyrkje

Lorenzo Covarrubias Tangstad
Charlotte Lone Bonev
Petrine Toft

09.05 Kausland kyrkje

Noel Vågen

24.05 Kausland kyrkje

Anton Haugland Bakke
Hedda Tennfjord Fure



Gravlagde

23.03 Kausland kyrkje

Grete Malene Selstø, f. 1955

26.03 Kausland kyrkje

Olaug Anna Telle, f. 1936

30.03 Kausland kyrkje

Stig Olov Anders Carlsson, f. 1942
(bisetjing)

09.04 Kausland kyrkje

Kjellaug Lerøy, f. 1924 (bisetjing)

13.04 Sund kyrkje

Gunnar Hummelsund, f. 1947
(bisetjing)

15.04 Sund kyrkje

Jarle Veka, f. 1946 (bisetjing)

27.04 Sund kyrkje

Joleiv Reidar Kallestad, f. 1954

04.05 Sund kyrkje

Eldbjørg Raknes, f. 1939 (bisetjing)

04.05 Kausland kyrkje

Klara Kristine Hagen, f. 1925

11.05 Kausland kyrkje

Ole Jørgen Olsen, f. 1935



DEN NORSKE KYRKJA

Sund sokn

Telefon sentralbord: 400 03 316

Post- og besøksadresse:

Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume

Det er mogleg å gjere avtale om besøk på kyrkje-
kontoret i Sund.

Ekspedisjonstid:

Måndag - fredag kl. 10.00 - 14.00

E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Nettside: www.kyrkja.no/oygarden

Her finn ein kontaktinformasjon til kyrkjestaben.

Soknepresten

Kjell-Asle Børnes..... 41 41 66 67
sokneprest
E-post: kb427@kyrkja.no

Soknerådet

Svein Marius Myklebust 95 88 61 56
soknerådsleiar
E-post: svein.myklebust@danielsen-skoler.no

PRESTETENESTA I SUND

Kontakt med prest måndag – fredag kl 10.00 – 14.00: **400 03 316**

Samtale og sjelesorg

Sokneprest Kjell-Asle Børnes er glad for å bli kontakta for samtale. Det kan opplevast som ein høg terskel å ta kontakt, men det er berre å ta mot til seg og slå eit telefonnummer for å avtale tid og treffestad! Han har teieplikt om det som vert delt. Samtale/sjelesorg kan òg føre til skriftemål.

Det er òg ei prioritert oppgåve å gå med nattverd til dei som ikkje lenger kjem seg til kyrkje. Ver frimodig og ta kontakt!

Ynskje om dåp

Kyrkjekontoret får ikkje lenger tilsendt fødselsmeldingar frå Folkeregisteret når medlemmer i kyrkja har fått barn. Foreldre må difor sjølve ta kontakt og be om aktuelle datoar der det er gudstenester med høve for dåp. Ver ute i god tid! Alle som ber om dåp for barnet sitt, vert inviterte til ei felles dåpssamtale i Sund kyrkje eller Kausland kyrkje, alt etter kva for ei kyrkje ein «soknar til».

Også unge eller vaksne kan be om dåp. Då vert det individuelle samtalar med opplæring. For unge som ikkje er døypte, vert konfirmasjonsførebuinga som eit opplæringsprogram som òg vert førebuing til dåpsdagen.

Givarteneste

Sund kyrkjelyd

Barne- og familiearbeidet Kyrkjelydsarbeidet

Kontonr.: 3628.50.65156
Merk kva formål gáva er til.



DEN NORSKE KYRKJA

Sund Sokneblad

Utgjevar: Sund Sokneråd

Adresse: Tytebærbrekko 2,
5353 Straume

Konto: 1503.84.37590

Kontingent: 250 kr pr. år

Redigering: Olai Otterå

Redaksjon:

Olai Otterå 928 93 057

E-post:

sund.sokneblad@bkkfiber.no

Trykk:

Bodoni AS, Straume



Opplag: 3.950



Dåp

Ein god start på livet

Vi inviterer til dåp! Gjennom dåpen blir vi ein del av kyrkja, eit fellesskap som strekkjer seg over heile verda.

Dåp skjer vanlegvis i ei vanleg søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste.

For informasjon og påmelding
til dåp gå inn på
kyrkja.no/oygarden/dap



DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellesråd



Nytt opplag av populær evangeliseringsbok

Suksessen for boka Da Gud grep inn held fram. No vert det fjerde opplaget av boka trykt.

Forfattar Ove Eikje si evangeliseringsbok er no gått i trykken endå ein gong. Også denne gongen kjem det 2.000 bøker til på marknaden, og til saman vil det då vere trykt heile 7.000 eksemplar av den populære vesle boka.

Det første opplaget vart trykt seint i oktober i fjor og var på smålåtne 1.000 bøker. Sidan salet gjekk så godt, fekk Eikje trykt opp 2.000 bøker til midt i november.

Men etterspurnaden har vore så formidabel at han måtte trykkje endå 2.000 bøker som låg føre tidleg i februar.

Også dei fleste av desse bøkene er blitt revne vekk, og no kjem derfor det fjerde opplaget.

Boka, som det vesle forlaget EB Media i Ålgård gjev ut, består av 18 korte kapittel der menneske fortel korleis dei vart kristne, og Eikje sin intensjon frå starten har vore at boka kunne hjelpe nokre lesarar fram til tru.

Stein Gudvangen, KPK

Neste utgåve av **Sund Sokneblad** kjem omlag 29. september

Stoff til bladet må vera i redaksjonen seinast 15. september